

# Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 6. søndag i påsketida – 26.mai 2019

Preiketekst: Matt 6,7-13

Lesetekst I: 1 Kong 3,5-14 /Apgj 12,1-17

Lesetekst II: Ef 3,14-21

## Bøn – å gje Gud æra

### Trua si tilslutning

Me er framleis i påsketida. For ein samanheng å tala om bøn i! Steinen framfor grava er flytta ifrå, den døde Jesu lekam er den oppstadne og levande, det låste rommet er vidope blitt for han med sårmerka, han dei tok på og kjende att har inntatt trona!

Å be er å gje Gud æra, i Jesu namn. Det er trua si tilslutning til frelseverket, ja, kanskje det fremste teiknet på tru. Å folda sine hender, eller løfta dei, er å anerkjenne Han som sit ved Majestetens høgre hand. Bøna bitt saman dei adskilde Guds born, anten dei er «frittgående eller i bur». For Jesus lever og er Herre! Abraham, Isak og Jakobs Gud er blitt Vår Far i Jesus Messias.

Jesu jødiske læresveinar visste godt kva bøn var, men spurde likevel Jesus om å læra dei bøn. Og han svarar: 'Slik skal de be'.

Dei sju bønene i Herrens bøn famnar vidt. Det daglege brødet, forlating for syndene, kjærleik til trussøsken og innrammande lovprising og æra.

### Israel hadde gode forbilde

Dagens første lesing løftar fram Salomo. Han får døra opna framfor seg: «Bed om kva du vil. Eg skal gje deg det!» Og Salomo syner seg vis også her; imellom alt som kunne stå på bønalista hans, nemner han det som ærar Gud best, det som gjer livet hans til ei gudsteneste og som attpåtil kjem fellesskapet til gode: *eit hjarte som kan høyra, så eg kan styra folket ditt og skilja mellom godt og vondt* (1 Kong 3,9). Og Herren gav meir enn sjølv Salomo visste å be om; Han fekk *alt det andre attåt* (Matt 6,33).

Og Paulus, som gjev inntrykk av å ha levd eit varmt og nært liv i samfunn med den oppstadne, han passar på å nemna bøna i alle breva til Guds kyrkjelydar. Utan bøn, inga tru, utan tru inga forsamling. Apostelen *bøyer ... kne for Far, han som har gjeve namn til alt som heiter far i himmel og på jord* (Efes 3).

### Konfirmerande

Sjølv skal eg denne søndagen ha konfirmasjon. Sju flotte friske ungdommar skal kvitkledde skrida inn i middelalderkyrkja. Dei skal knela ned på velbrukt altarring og ved handspålegging og namns nemning løftast inn for Faderen i Jesu namn. Det er stort! For meg som prest, for kyrkjelyden og (truleg) for dei unge.

Ja, det er som om dei gamle veggane frå 1200-talet bed med oss, dei som gjennom generasjonar har registrert *sjelens sukk, det stille*. Bøn er jo i seg sjølv konfirmerande: styrkjande, stadfestande. Og denne konfirmasjonssøndagen skal det i tillegg talast og syngjast (og bedast!) om bøn. Predikanten lyt prøva forkynna *til bøn*, og ikkje berre om. 15-åringen må få teikna for seg – både undervegs i konfirmasjonstida og no ved sjølvve forbøns-gudstenesta – kven som inviterer til bøn og

kven me er som menneske i relasjonen til Jesu Kristi Far. Bøna sitt 'Hvem-hva-hvor' kan leggjast på gåvebordet. Kven skal eg be til, kva skal eg be om, kvar (i livet, i verda) skal eg be?

Og så får me alle la oss 'konfirmera' ved evangeliet om bøna. Anten det gjeld tollaren eller farisearen i Jesu likning, begge skal få koma til templet for å be. Anten du er av Jesu frie venner eller av dei høgkyrkjelege – å be er å gje Gud æra, det er å anerkjenna Jesus Messias som Den krossfeste og Oppstadne. Herrens bøn er nettopp dét: bøna Herren lærte oss, bøna som hjelper oss til å ha Jesus som Herre.

### **Guds vilje**

må skje, bed me jo om, - i livet mitt og med livet mitt. På jorda, for alle. Jøde eller grekar, me deler fellesskapet når Jesus blir Herre, og løyser ånd og tunge til bøn.

Og predikanten sjølv må vera heimevant i lønnekammeret. Han skal vel 'kunna meir enn sitt Fadervår', men i alle fall dét: å la liv og teneste helga Guds namn. Me får dilta etter Salomo og be om eit høyrande hjarta, så me kan rettleia. *For riket er hans og makta og æra i all æve.*

### **Geir Paulsen**

Sokneprest i Luster

[geir.paulsen@kyrkja.luster.no](mailto:geir.paulsen@kyrkja.luster.no)